



Arkivnr: 2018/10269-2

Saksbehandlar: Elizabeth Warren, Inger Lena Gåsemyr, David Aasen Sandved

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--|--------|------------|
| Utval for kultur, idrett og regional utvikling | | 19.06.2018 |

Med røter og føter i Kvam, Kommunedelplan for kulturminne 2017-2027, Kvam herad - fråsegn

Samandrag

Kommunedelplan for kulturminne i Kvam herad 2017-2027 er sendt på høyring med frist 15. juni 2018. Arbeidet med kommunedelplanen vart starta opp i 2014 og planprogram for arbeidet vart vedteken i juni 2015. Dette er den første kulturminneplanen som er utarbeida for Kvam Herad.

I prosjektet «*Kulturminnekompesanse i kommunane 2013-2017 (KIK)*» har Hordaland fylkeskommune etablert ei satsing på lokalt kulturminnevern, som mellom anna inneber utarbeiding av kommunale kulturminneplanar. Dette er ei hovudsatsing i «Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025» for å styrke lokalt arbeid med kulturminne. Dette er i samsvar med dei nasjonale forventingane til kommunal og regional planlegging, vedteken i 2015 der «*kommunane har hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale mål*».

Fylkeskommunen arrangerte i lag med Hardanger og Voss museum, eit verkstad om kulturminneplanarbeid for kommunane i Hardanger 5. mai 2015. Fylkeskommunen har elles vore med på oppstartsmøte for kulturminneplanarbeidet for Kvam 27. august 2015. Planprogram for arbeidet vart vedteken 16. juni 2015. Det vart arrangert eit folkemøte om planarbeidet 03. desember 2015 på Kabuso i Kvam med deltaking frå fylkeskommunen. Administrasjonen i fylkeskommunen har elles gitt faglege råd i ulike samanhengar i løpet av planprosessen.

Kvam herad har lagt vekt på å synleggjere breidda i kulturminnetilfanget, slik at det speglar alle sider av historia. Kulturminne er delt inn i desse tema:

- Hus, gard og tun
- Tettstader
- Fjord, fartøy og fiske
- Forsamlingshus
- Krig og forsvar
- Industriarv
- Veg og ferdsel
- Reiseliv
- Utmark før og nå
- Kulturlandskap
- Immateriell kulturarv og handlingsboren kunnskap

Kommunedelplan for kulturminne vil vera eit godt grunnlag for å styrke forvaltinga av kulturminne i kommunen. Den gjev både føreseielege rammar for forvalting av lokale kulturminne og eit innblikk i den historiske utviklinga i kommunen. Det vert og eit reiskap for å utvikle kulturminne som ressurs og praktisere vern gjennom bruk. Dei viktigaste kulturminna bør registrerast i Askeladden, den nasjonale kulturminnedatabasen og formelt sikrast gjennom omsynssoner med føresegner og retningslinjer i kommuneplanen sin arealdel når den skal reviderast. Administrasjonen i Hordaland fylkeskommune står til rådvelde for kommunen i oppfølginga av planen.

Økonomi: ingen verknad

Klima: ingen negativ verknad – positiv for klimarekneskap at eksisterande bygningar vert verna

Folkehelse: fokus på lokale kulturminne har betydning for identitet og bukvalitet i nærmiljø og heile kommunen

Regional planstrategi: inngår i mål og strategi for:

- klima og miljøvenleg utvikling – tydelegare planstyrт og meir langsigт og balansert forvalting av areal, natur og kulturminnereksursar.
- inkluderande samfunn – styrke inkludering gjennom frivillige organisasjonar i nærmiljø.
- synleggjere kunnskapen om Vestlandet i fortid, samtid og framtid.

Forslag til vedtak

1. Kulturminneplan for Kvam 2017-2027 er forankra i kommunen si verksemd og hjå innbyggjarar og er eit godt grunnlag for forvaltinga av kulturminna i Kvam.
2. Retningsliner knytt til omsynssone må ta med at saker som råker kulturminne med regional eller nasjonal verdi, skal sendast til Hordaland fylkeskommune for vurdering.
3. Handlingsplanen har gode tiltak som svarer på aktuelle utfordringar i Kvam herad.
4. Tiltak i handlingsplanen for skattefritak for prioriterte kulturminne er ein god måte for kommunen å stø opp om lokale kulturminne.
5. Kommunen bør prioritere gjennomføring av handlingsplanen, setje av eigne budsjettmidlar, utvikle lokale tilskotsordningar og satse på kulturminnefagleg rådgjeving for private eigalar og lokale handverkarar.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

1 Høyringsutkast Kulturminneplan Kvam

Fylkesrådmannen, 01.06.2018

Bakgrunn

Kulturminneplan for Kvam Herad 2017-2027 er lagt ut på høyring. Frist til å komme med innspel er satt til 15.06.2018. Hordaland fylkeskommune har bedt om utsatt frist til 22.06.2018, slik at saka kan handsamast i utval for kultur, idrett og regional utvikling i Hordaland fylkeskommune.

Kulturminnekompesanse i kommunane 2013-2017

Erfaring viser at kulturminneplanlegging gjev eit meir føreseieleg kulturminnevern og gjev også meir føreseielege rammer for ny utvikling i kommunen. Hordaland fylkeskommune sette difor i gong prosjektet «Kulturminnekompesanse i kommunane 2013-2016», jf. vedtak i fylkesutvalet 30. januar 2014, PS 14/2014. Prosjektet legg til rette for betre samarbeid med kommunane og er ei felles satsing på kunnskap og kompetanse. Ein viktig del av prosjektet er utarbeiding av kulturminneplanar i alle kommunar. Ein kulturminneplan skal avklare to hovudspørsmål: 1. kva kulturminne finst i kommunen, og 2. korleis tek ein vare på dei. I planen kan kommunane sjølv prioritere og ta stilling til innretting av lokalt bevaringsarbeid, korleis ein kan nytte kulturminne som ressursar i stadutviklinga og korleis dei kan integrerast i andre planar. Fylkesutvalet har vedteke at alle kommunar bør ha planar som legg tydelege føringar for kulturminneforvaltinga.

Planprosessen, plantype, organisering av arbeid og medverknad

Første kapittel i planframlegget tar for seg mål, plantype og avgrensning, planprosess og medverknad, forhold til andre planar og lovverket, konsekvensar av planen, og rullering.

I planstregi for Kvam herad skal kulturminneplan vera ein prioritert kommunedelplan i Kvam. Dette er den første kulturminneplanen som er utarbeida for Kvam Herad.

Fylkeskommunen arrangerte i lag med Hardanger og Voss museum, eit verkstad om kulturminneplanarbeid for kommunane i Hardanger 5.05.2015. Fylkeskommunen har elles vore med på oppstartsmøte for kulturminneplanarbeidet for Kvam 27.08.2015. Planprogram for arbeidet vart vedteken 16.06.2015. Det vart arrangert eit folkemøte om planarbeidet 03.12.2015 på Kabuso i Kvam med deltaking frå fylkeskommune. Administrasjonen i fylkeskommunen har elles gitt faglege råd i ulike samanhengar i løpet av planprosessen.

Det er 4 hovedmål i kulturminneplanen:

- Sikre god forvalting av kulturminne med verneverdi
- Auke kunnskapen om kulturminna i Kvam og fremja aktiv formidling
- Leggje til rette for frivillig arbeid innanfor kulturminnevernet
- Styrke kulturminna si rolle som ein ressurs i Kvam sitt utviklingsarbeid

Høyringsutkastet er ein kommunedelplan med krav til prosess, medverknad og politisk handsaming for å forankre planen lokalt. Val av plantype er i samsvar med den vedtatte kommunale planstrategien for Kvam. Den gjev prinsipielle føringar for kommunal forvalting og gjev forslag til tiltak i planperioden. For å sikre kulturminne etter plan- og bygningslova må vurderingane og føringar i kulturminneplanen integrerast i kommuneplanen sin arealdel.

Ei administrativ, tverrfagleg prosjektgruppe med kultursjef, konsulent, samfunns- og utviklingssjef, kulturkonsulent, rådgjevar areal/plan, direktør, Hardanger og Voss museum og representant frå Kvam soge- og kulturminnelag har koordinert planarbeidet. Prosjektgruppe har hatt 5 møte og 2 synfaringar/eksksjonar.

Det har vore lagt opp til møteplassar med frivillig sektor undervegs i planprosessen og i desember 2015 gjennomførte Kvam herad eit større folkemøte i Kabuso. Prosjektgruppa har hatt fellesmøte med alle grendeutvala og planarbeidet har vore hovud- eller deltema på ulike offentleg møter. Det var oppretta ei «facebook»-gruppe som fekk kring 450 medlemer.

Fylkesrådmannen si vurdering:

Høyringsutkastet er ein kommunedelplan for kulturminne. Kommunen har sett krav til prosess, medverknad og politisk handsaming. Dette gjev ei sterk lokal forankring og er ein stor føremon når relevante delar av kulturminneplanen skal innarbeidast i kommuneplanen sin arealdel. Kommunen har involvert frivillige organisasjonar og fagkompetanse der det var naudsynt, for å sikre eit godt plangrunnlag.

Forslag til vedtak:

Kulturminneplan for Kvam 2017-2027 er forankra i kommunen si verksemd og hjå innbyggjarar og er eit godt grunnlag for forvaltinga av kulturminna i Kvam.

Planframlegg (kapittel 2 – 5)

Innhald i planframlegg er:

2. Kvam i eit historisk perspektiv
 - 2.1. Naturgrunnlaget
 - 2.2. Førhistoria
 - 2.3. Mellomalderen
 - 2.4. Hamskifte og nye næringar på 1800-talet
 - 2.5. 1900-talet
3. Status og utfordringar
 - 3.1. Kva er et kulturminne?
 - 3.2. Utfordringar
 - 3.3. Kjente kulturminne og datagrunnlag
 - 3.4. Endringar i busettnad, infrastruktur og næringsliv
 - 3.5. Kommune si rolle i forvaltinga av kulturminne
 - 3.6. Kommunen som eigar
 - 3.7. Tilrettelagde kulturminne
 - 3.8. Samarbeid
 - 3.9. Tilskotsordningar og økonomiske virkemiddel
 - 3.10. Antikvarisk prinsipp
4. Strategiar for kulturminnevern i Kvam
 - 4.1. Kva skal kommunen prioritera?
 - 4.2. Kva for strategiar skal kommunen arbeida etter?
 - 4.3. Gul liste
 - 4.4. Retningsliner til omsynssoner
5. Tema og prioritert kulturminne
 - 5.1. Om gul liste i Kvam
 - 5.2. Hus, gard og tun
 - 5.3. Fjord, fartøy og fiske
 - 5.4. Reiseliv
 - 5.5. Forsamlingshus
 - 5.6. Krig og okkupasjon
 - 5.7. Industriarv
 - 5.8. Tettstader
 - 5.9. Veg og ferdsle
 - 5.10. Utmarka før og no
 - 5.11. Kulturlandskap
 - 5.12. Immateriell kulturarv og handlingboren kunnskap

Planframlegget avsluttar med ei oversikt over kjelder og kopi av vedtak i Kvam formannskap.

Fylkesrådmannen si vurdering:

Planframlegget er lettlest, godt illustrert og formidlar mykje om kulturminne i Kvam Herad. Det har ein informativ kulturhistorisk framstilling som trekk fram særpreg i Kvam Herad. Utvalde kulturminnetema verkar fornuftig og trekk fram variasjon og særpreg av kulturminne i Kvam og speglar godt den historiske utviklinga av kommunen. Dersom ein hadde hatt fleire bilete, kart og tabellar hadde lesaren fått ei betre forståing av

mangfaldet av kulturminne i Kvam. Slike figurar formidlar på ein lefftatteleg måte både omfang og utbreiing av ulike kulturminne, særleg knytt til digital formidling.

Kommunen har valt å ta med immateriell kulturarv og handlingsboren kunnskap som ein del av planen. Immateriell kulturarv og handlingsboren kunnskap er viktig for formidling, ivaretaking og ny bruk av kulturminne. Hardingfeletradisjonen, Geir Tveit sin musikkart, lokal song- og dansetradisjon, matkultur, stadnamn, dialekt, bandasmiing, kvammabunaden og Strandebarmaren båtbyggjartradisjonen er viktig i Kvam herad. Immaterielle kulturarv og handlingsboren kunnskap bør drøftast under utfordringar og strategiane. Kva rolle skal kommunen ha og korleis skal kommunen legge til rette for samspelet med dei frivillige, skulane og musea. Dette er i tråd med intensjonen med *Premiss: Kultur Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*.

Kapittel 3 og 4 omhandlar status, utfordringar og strategiar. Her er det viktig informasjon, men det trengs ei opprydding av framstilling av innhaldet. Fylkesrådmannen rår difor til at ein tek i bruk Riksantikvaren sin mal, <https://www.riksantikvaren.no/Prosjekter/Kulturminne-i-kommunen-KIK/Mal-for-kulturminneplan>. I tillegg bør alle kulturminne, inkludert freda, regulert til vern/omsynssone eller eigde av kommunen, samlast i kapittel 5 *Tema og prioritert kulturminne*. Det er viktig at desse er ein integrert del av kulturminneforvaltinga i kommunen og kjent i lokalmiljøet.

Strategiar for vern, forvalting, formidling og verdiskaping i kapittel 4 er gode. Det er konkrete forslag til innhald i retningsliner til omsynssoner i kommuneplan. Kommunen bør legge til i retningslinene at saker som råker kulturminne som har regional eller nasjonal verdi, skal sendast til Hordaland fylkeskommune for vurdering. Antikvarisk prinsipp, forklart i kapitel 3, bør leggast til grunn i sakshandsaming og tilskotsordning.

Fylkesrådmannen synes det er viktig at kommunen har fått på plass ein plan for kulturminneforvalting, sjølv om dei har måtte nedprioritere ei systematisk kartlegging av kulturminne i Kvam.

Det er difor positivt at planframlegget opnar for at kulturminne, som ikkje er omtalt i planen, kan prioriterast i rullering av planen. Vi har mellom anna kjennskap til kulturminne som kommunen kan vurdere i denne omgang:

- Husmorskulen på Tangerås
- Frøken Nygaards fødeheim i Norheimsund
- Øvre del av Strandadalen i Strandebarm – kulturlandskap
- Gamlestølane (ruinar)
- Dalsete og Grønli Stølsmiljø langs ferdsleruta mellom Strandadalen og Holseter
- Stølsmiljø på Klepp
- Akssete stølsmiljø
- Tangeråsstølen der det mellom anna er fleire store ruinar med båsskiljarar i stein
- Bakkasundet Strandebarm Sveitserhusmiljø
- Omaholmen Strandebarm
- Gamle ungdomskulen i Norheimsund
- Skulestova og lærarbustaden i Engjadalen i Strandebarm
- Baptistbedehuset på Risa
- Sjøbruksmiljøet på Risaneset i Strandebarm
- Sommarbustadane på Vikingnes på Innstranda i Strandebarm

Forslag til vedtak:

Retningsliner knytt til omsynssone må ta med at saker som råker kulturminne med regional eller nasjonal verdi, skal sendast til Hordaland fylkeskommune for vurdering.

Handlingsplanen

Handlingsplanen viser til mange gode tiltak. Handlingsplanen gjer greie for sted, tiltak, resultatmål, finansiering, og gjennomførings år. Nokre tiltak kan gjennomførast som ein del av kontinuerlig drift og gjeld for heile kommune, mens andre er meir konkrete prosjekt. Nokre involverer grunneigarar, frivillige og musea

og fylkeskommunen. I 2018 er fokus på å utarbeide ein byggeskikkrettleiar for Ålvik, registrere prioriterte kulturminne (gul liste) i Askeladden og leggje omsynssoner i kommuneplanens arealdel. Planen for 2019 fokuserer på skilting og tilrettelegging av kulturminne, opprette byggeskikkpris, kurs for unge omkring immaterielle kulturminne, ha ein kulturminnedag, krigshistoria i Norheimsund og Kvam. I 2020 er planen å vurdere ei tilskotsordning til prioriterte kulturmine i kommunen, ny registrering av troskykkjer og inn- og utmarksbygningar. I 2021 er det fokus på registrering av naustmiljø.

Fylkesrådmannen si vurdering:

Kommunen har stort potensiale for kunnskapsformidling og utviklingsprosjekt knytt til kulturminne. Fylkesrådmannen synes at handlingsplanen gjev gode svar på aktuelle utfordringar i Kvam Herad. Den er realistisk og ambisiøs, som vil krevje kommunale ressursar. Ein årleg rullering av handlingsplanen, vil kunne bidra til å holde fokus på dei ulike tiltaka. Planar for 2018 er klar og fylkeskommunen kan gjerne bidra med både fagleg råd for byggeskikkrettleiar for Ålvik og rettleiing/kurs for innlegging i Askeladden.

Fylkesrådmannen sakna ei satsing for formidling og skjøtsel av automatisk freda kulturminne. I kulturminneplanen bør kommunen prioritere kva slags fornminne som skal leggast til retter. Kriterier for prioritering kan mellom anna vere næreliek til skular, barnehagar, friområde, turstiar, områder knytt til reiseliv og turisme, eller kulturminne med sterkt lokalt engasjement. Prioriteringslista for BARK er tilgjengeleg på nettsidene til Hordaland fylkeskommune:

<https://www.hordaland.no/contentassets/34ede965141944f9bda11ce218030cdb/oppdatert-prioriteringsliste-bark-januar-2017.pdf>.

Etablering av lokale kompetansemiljø og oppfølging og opplæring av private eigalar av kulturminne er viktig. Dette kan mellom anna gjerast gjennom ulike kurs om søknadsskriving, tørrmuring, tilstandsvurdering, eller liknande. Hordaland fylkeskommune og andre samarbeidspartnarar vil kunne bidra til gjennomføring av slike kurs.

Kvam Herad bør opprette ei tilskotsordning for prioritert kulturminne i kommunen, jf. tiltak i handlingsplanen for 2020. Tilskotsordninga for verna kulturminne i Hordaland legg til rette for at kommunane kan søkje om opp til 50% tilskot fra fylkeskommunen til vernetiltak til bygg og anlegg som er registrerte som kulturminne, har eit formelt vern i arealplanen eller er prioriterte av kommunane i kulturminneplanen. Kommunar som har etablert tilskotsordningar for kulturminnetiltak vil bli prioritert og kunne få midlar i same storleik som det kommunane sjølv sett av, så langt avsette regionale midlar strekk til. Det vil telle positivt at kommunen gjev fritak frå eigedomskatt for bygningar med historisk verdi, dersom kommunen har eigedomsskatt.

Det går fram av planframlegget at kommune gjer skattefritak til freda kulturminne og kulturminne regulert til vern. Fylkesrådmannen merkar seg at kommunen vil gje skattefritak for eigar av freda kulturminne og kulturminne regulert til vern og vi vil tilrå at kommunen utvidar dette til også å gjelde prioritert kulturminne i gul liste. Skattefritak er ein god måte for kommunen å stø opp om lokalt kulturminnevern.

Forslag til vedtak:

Handlingsplanen har gode tiltak som svarer på aktuelle utfordringar i Kvam Herad.

Tiltak i handlingsplanen for skattefritak for prioriterte kulturminne er ein god måte for kommunen å stø opp om lokale kulturminne.

Kommunen bør prioritere gjennomføring av handlingsplanen, setje av eigne budsjettmidlar, utvikle lokale tilskotsordningar og satse på kulturminnefagleg rådgjeving for private eigalar og lokale handverkarar.